

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr
FORMANNSKAPET	02.07.2012	107/12

Saksansvarleg: Rådmann Ann Kristin Langeland		
Saksbehandlar: Astrid Eide Stavseng	Arkiv: K2-k12, K3-&13	Arkivsaknr 12/1213

Ny heilskapleg verdsarvpolitikk

RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL FOR:

1. Stranda kommune er positive til at det vert arbeidd for å få på plass ein nasjonal og heilskapleg politikk for verdsarven i Noreg.
2. For å ta vare på verdsarvområda i Noreg, oppfordrar Stranda kommune til at det vert arbeidd fram gode forvaltningsplanar og handlingsplanar på tvers av sektorar og departement, og at desse er med på å ansvarleggjere dei ulike instansane.
3. Heilskapleg nasjonal politikk for verdsarven i Noreg må ikkje leggest fram som ei sektormelding, men må etter vårt syn forankrast i ei eiga stortingsmelding.
4. Stranda kommune vil understreke behovet for eit sterkare fokus på tilrettelegging for næringsutvikling i verdsarvområda, og kanskje særskilt auka satsing på styrking av landbruket.
5. Stranda kommune støttar uttale til verdsarvpolitikk frå verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med innspel til punkt om:
 - Identifisering av verdsarven i Norge
 - Organisering, aktørar og samarbeid
 - Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven
 - Buffersoner
 - Overvakning og rapportering
 - Senter for verdsarven
 - Formidling
 - Kunnskap og kompetanse
 - Skule og utdanning
 - Internasjonalt samarbeid
 - Verdiskaping
6. Konkrete merknadar og konkretiseringar til dei ulike punkta frå Stranda kommune kjem fram i vurderinga.

02.07.2012 FORMANNSKAPET

FOR-107/12 Vedtak samrøystes

1. Stranda kommune er positive til at det vert arbeidd for å få på plass ein nasjonal og heilskapleg politikk for verdsarven i Noreg.
2. For å ta vare på verdsarvområda i Noreg, oppfordrar Stranda kommune til at det vert arbeidd fram gode forvaltningsplanar og handlingsplanar på tvers av sektorar og departement, og at desse er med på å ansvarleggjere dei ulike instansane.
3. Heilskapleg nasjonal politikk for verdsarven i Noreg må ikkje leggest fram som ei sektormelding, men må etter vårt syn forankrast i ei eiga stortingsmelding.
4. Stranda kommune vil understreke behovet for eit sterkare fokus på tilrettelegging for næringsutvikling i verdsarvområda, og kanskje særskilt auka satsing på styrking av landbruket.
5. Stranda kommune støttar uttale til verdsarvpolitikk frå verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med innspel til punkt om:
 - Identifisering av verdsarven i Norge
 - Organisering, aktørar og samarbeid
 - Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven
 - Buffersoner
 - Overvakning og rapportering
 - Senter for verdsarven
 - Formidling
 - Kunnskap og kompetanse
 - Skule og utdanning
 - Internasjonalt samarbeid
 - Verdiskaping
6. Konkrete merknadar og konkretiseringar til dei ulike punkta frå Stranda kommune kjem fram i vurderinga.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Miljøverndepartementet (MD) har sendt eit framlegg til ny politikk for forvaltninga av verdsarven i Norge ut på høyring, *"Ny, helhetlig verdsarvpolitikk"*, mars 2012.

Bakgrunnen for at MD kjem med framlegg om ein heilskapleg verdsarvpolitikk, er mellom anna auka krav frå verdsarvkomiteen og ambisjonar om å oppfylle forpliktingane i verdsarvkonvensjonen. Dei nye krava for forvaltning av verdsarvområde gjeld til dømes på område som overvaking, formidling, kompetanse og internasjonal bistand.

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste, og til no einaste, naturarv. Geirangerfjorden med omland utgjer saman med Nærøyfjorden med omland Vestnorsk fjordlandskap.

Saksopplysningar

I Noreg er det i dag 7 objekt eller område på UNESCO si liste over verdas kultur – og naturarv. Seks av desse er innskrive som kulturarv medan Vestnorsk Fjordlandskap er det einaste naturarvområdet i Noreg.

Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på aktive geologiske prosessar over millionar av år og eit storslått, vakkert og intakt naturlandskap slik det framstår i dag. Busetnad og aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar verdien av området.

I stortingsmelding nr.16 (2004-2005) heiter det mellom anna at «Norske verdsarvlokaltetar skal utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innanfor natur- og kulturforvaltning». Dette ligg som ein basis for korleis Noreg skal følgje opp si forplikting overfor verdsarvkonvensjonen.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som vart etablert i januar 2006, har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norddal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren og Miljøverndepartementet har møte- og talerett. Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på to år. Leiinga av rådet vekslar mellom Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet. Rådssekretær er til ein kvar tid frå same delområde som leiaren.

Vestnorsk fjordlandskap er i norsk samanheng ein relativ ”stor verdsarv” som inkluderer mange kommunar, ei rekkje verneområde i tillegg til busette grender og dalføre. Dette teiknar igjen eit særst variert landskap med omsyn til problemstillingar, utfordringar, ulike styresmakter sine oppgåver og ansvar. Framtidig langsiktig ivaretaking og berekraftig utvikling av dette unike området vil krev samhandling og koordinering av felles innsats.

Ei svært sentral målsetjing med ein nasjonal verdsarvpolitikk må difor vere å synleggjere ansvar og oppgåver på alle nivå i forvaltninga, samt korleis kvar enkelt omset dette til praktisk handling og tiltak.

Ein nasjonal og heilskapeleg politikk på dette området vert difor helsa velkomen.

Vurdering

Miljøverndepartementet (MD) signaliserer innleiingsvis i dokumentet at resultatet frå dette arbeidet skal innarbeidast i ei ny stortingsmelding om kulturminne. Etter vår vurdering vert dette for snevert i vidareføringa. Arbeid med ivaretaking av verdsarvstatusen plasserast under fleire sektorar, då arbeidet og forvaltninga strekkjer seg over mange interesser, sektorar og styresmakter. Det handlar også om å utforme nasjonalt nybrottsarbeid med eit stort og vidt perspektiv. Verdsarven må vere eit nasjonalt fyrtårn. Felles nasjonale strategiar, målsetjingar og handlingar for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen må difor ikkje fremjast i ei sektormelding, men må gjennom prosess løftast fram og synleggjerast, fortrinnsvis i ei eiga stortingsmelding

Uttale til høyringsframlegget ”Ny, helhetlig verdsarvpolitikk” (MD mars 2012)

Identifisere verdsarven i Noreg

Vi støttar MD sine tilrådingar, men **punktet om ”...sikre verdsarven vi har i dag” må sterkt vektleggast og prioriterast** i det vidare arbeidet. Det er lite føremålstenleg å nytte mykje ressursar på nye nominasjonar før eksisterande verdsarvobjekt og -område er etablert med operativt regime og ressursar som møter verdsarvkonvensjonen sine målsetjingar. I dette ligg det og at Noreg må ta eit tydelegare ansvar for at verdsarvlista ikkje får nordisk og europeisk slagside samstundes som ein støttar underrepresenterte og unike nominasjonar.

Organisering, aktørar og samarbeid

Arbeidet med å ivareta og fremje verdsarven involverer mange aktørar og interesser på alle nivå. Samhandling, samarbeid og plassering av ansvar og oppfølging er viktig, særleg på nasjonalt nivå. MD har rett nok ein sentral rolle, men dette må samstundes ikkje bli noko "kvilepute". Det er viktig å gjere alle aktuelle departement ansvarlege for det vidare arbeidet med verdsarvverdiane i Noreg. Alle departementa må i mykje større grad utfordrast på eit løysingsorientert samarbeid med felles målsettingar for verdsarven; kva kan det einiskilde departement bidra med av ressursar og kva kan gjerast for å sikre oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak?

Ein vil i den samanheng illustrere utfordringane med eit døme frå Geiranger, der det over tid har vore jobba for å få iverksett absolutt konsesjonsplikt for bruk av landingsplass nytta til kommersiell flyging med helikopter ("turistflyging"). Trass i årelange prosessar med påtrykk frå både lokale og regionale instansar inn mot aktuelle myndigheiter og departement, har det enno ikkje lukkast å få dette på plass.

Oppretting av departementa sitt verdsarvutval vil slik sett vere eit stort steg i rett retning. Målsetjinga for dette årlege møtet må likevel gå utover drøfting og informasjon. Konklusjonar frå ein slik møteplass må vidare konkretiserast i ein handlingsplan med fordeling av oppgåver, ansvar og frist for gjennomføring. Tidspunkt for møte bør setjast i god tid før arbeidet med neste års statsbudsjett, men etter årleg møte mellom statlige styresmakter og representantar for verdsarvområda.

Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven

Støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

Buffersoner

Støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

Overvaking og rapportering

Positivt med målsetjing om å etablere ein struktur og eit fast opplegg for overvaking og rapportering i høve til utviklinga i og av verdsarven. Rutinane må vere enkle og praktisk handterlege i kvardagen, og ein må halde fokus på bruk av tilgjengeleg teknologi. Elles ingen merknader til dette punktet.

Senter for verdsarven

Støttar i stor grad MD si tilrådingar under dette punktet. Når det gjeld finansiering må likevel staten ta eit større ansvar enn det som er skissert i høyringsdokumentet. Verdsarven representerer det **framifrå flottaste og mest unike vi har av natur- og kulturkvalitetar, og er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar.**

"Fyrtårn" er eit omgrep som går att. Det kan aldri bli mange verdsarvobjekt eller -område, noko som igjen tilseier at det vert relativt få verdsarvsenter i Noreg. Dei sentra som vert etablert må difor løftast fram og sikrast nasjonal økonomi til både etablering og til årleg drift. Staten sitt økonomiske engasjement bør etter dette vere inntil 80% til drift og 50% til investering av senterdelen.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart stifta av Møre og Romsdal fylkeskommune, Stranda kommune og Norddal kommune 30. april 2009. Stiftinga tok over drifta av Norsk Fjordsenter AS den 1. november 2009. Stiftinga sitt hovudføremål er å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap, drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet, representere ein arena for vitskapeleg forskning på området, samt vere premissleverandør overfor myndigheiter i tråd med UNESCO konvensjonen.

Stranda kommune vil på det varmaste rå til at Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv får status som nasjonalt verdsarvsenter.

Noreg som statspart til verdsarvkonvensjonen bør i samarbeid med Vestnorsk fjordlandsskap ha som målsetjing å ta ein internasjonal posisjon i høve til formidling og kompetanse på fjord og fjordlandskap.

Formidling

Eit viktig punkt der det utover målsetjinga med felles strategiar for formidlingsarbeidet blir særskild viktig å utarbeide ein plan og framdriftsplan som gjer greie for fordeling av oppgåver, ansvar for gjennomføring og kven som stiller med ressursar.

I høve skilting ved veg er det særskild viktig av vegstyremaktene si nasjonale rolle andsynes verdsarven vert klargjort. Det er til dømes eit paradoks i område med både verdsarv og nasjonal turistveg at turistvegen ser ut til å ha prioritet og status med omsyn til skilting og vegformidling.

Kunnskap og kompetanse

Utover MD sine tilrådingar må det vere ei målsetjing å etablere og tilby eit utdanningsopplegg for verdsarvkoordinatorar som byggjer ein felles ståstad i det daglege arbeidet.

I tillegg bør utdannings- og forskingsinstitusjonar i større grad bli oppmoda om å nytte verdsarven som "forsøksfelt" eller case der tilnærminga er breiare enn berre fokus på natur- og kulturverdiar. I og med at fleire verdsarvområde etter kvart dekkar busette bygder og grender bør verdsarven sin eventuelle verknad på lokalsamfunnsutviklinga studerast nærare.

Skule og utdanning

Eit særdeles viktig punkt. Vil særleg her framheve kor viktig det er at verdsarven vert ein naturleg del av undervisningskvardagen i barne- og ungdomsskulane generelt og hjå "verdsarvskulane" spesielt. Lokalt og regionalt nivå må styrkast framfor nasjonalt nivå i den samanheng.

Støttar elles MD sine tilrådingar.

Internasjonalt samarbeid

Støttar MD sine tilrådingar og har elles ingen merknader eller kommentarar til dette punktet.

Verdiskaping

Verdsarven har ofte hatt stor verdi for lokalsamfunna lenge før området eller objektet fekk verdsarvstatus. Slik sett er det viktig å oppretthalde og styrke det lokale eigarskapet og stolheita til verdsarven. Dette vil kunne sikre framtidig forvaltning og ivaretaking av verdsarvverdiane. Samstundes må dei same verdsarvverdiane kunne vere kjelde for berekraftig utvikling. Det er her viktig at ”beste praksis” blir utvikla innanfor alle sektorar som påverkar verneverdiane.

MD legg opp til at verdsarven skal prioriterast høgt i ny strategi for verdiskaping knytt til natur- og kulturarven. Det er bra, men ein må unngå at dette vert ein sektorstrategi. Dette må i så tilfelle bli ein felles nasjonal strategi som samlar og tek føre seg alle relevante tema som omhandlar mogleg verdiskaping med grunnlag i natur- og kulturverdier. Ideelt sett bør alt som omhandlar verdsarven finnast i eitt strategidokument. Alle sektorar må difor involverast og gjerast ansvarlege i prosessen kring utforming av strategi og målsetjingar. Like viktig som strategien, og kanskje viktigare, er få på plass ein handlingsplan som syner den enkelte sektor og forvaltningsnivå sitt ansvar og kva dei kan bidra med av økonomiske og gjerne juridiske verkemiddel for å sikre gjennomføring og måloppnåing.

Det må etter vårt syn vere eit enno sterkare fokus på tilrettelegging for næringsutvikling i verdsarvområda. Ikkje minst vil dette vere viktig innan landbruket for å oppretthalde aktive bruk og stimulere til nyetableringar. Kulturlandskapet står sentralt i verdsarven, og skal ein klare å oppretthalde dette, må det truleg setjast inn enno sterkare verkemiddel for å hindre at kulturlandskapet, som også er vesentleg for reiselivet i fjordområda, gror att.

Samordning av finansieringskjelder og tilskotsordningar som støttar initiativ og tiltak vil og vere viktig i denne samanheng og i den praktiske kvardagen.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.06.2012	Forslag til ny heilskapleg verdsarvpolitikk	133804
27.06.2012	MR fylke - Saksframlegg verdensarv mai 2012	133809
27.06.2012	Uttale Vestnorsk fjordlandskap	133808

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

*